

## Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:		Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane	Telemark
Nordland	Hordaland	Buskerud
Nord-Trøndelag	Rogaland	Oppland
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Hedmark

Leiar: Per-Gunnar Sveen  
Postadr.: Fylkeshuset, 2325 Hamar  
Tlf. 62544903, Mobil: 95829112.  
E-post: per.gunnar.sveen@hedmark.org  
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,  
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.  
Tlf. 57884719. Fax 57884701.  
E-post: john.stoyva@sfe.no

---

Sandane 05.10.2012

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.

0033 Oslo

Postmottak@oed.dep.no

## Høyringsuttale, vedtakskompetanse for store kraftleidningssaker

Det vert vist til høyringsbrev og høyringsnotat dgs. 24.08.2012 vedkomande framlegg til endringar i energilova. I høyringsnotatet føreslår departementet:

- At utbygger skal kunne påleggast å skaffe ekstern kvalitetssikring av store leidningsprosjekt.
- At vedtakskompetanse for store leidningsprosjekt vert heva til Kongen i statsråd.
- At vedtakskompetansen også vert heva for kraftleidningssaker der vedtakskompetansen for kraftutbyggingsprosjekta ligg til Kongen i statsråd.

Det går ikkje fram av høyringsforslaget kva krav departementet vil stille til den eksterne kvalitetssikringa av konseptutgreiingar. Samarbeidande kraftfylke vil peike på at ei omfattande kvalitetssikring kan fordyre prosjekta vesentleg. Nettselskap som søker konsesjon for denne type prosjekt, må difor påleggast å kvalitetssikre økonomien i prosjektet både eksternt og internt, samt identifisere korleis kostnadene fordeler seg på dei ulike bidragsytarane til utgreiing og kvalitetssikring. Denne informasjonen bør nyttast til å vurdere laupande kva krav som skal stillast til kvalitetssikringa.

Samarbeidande kraftfylke ønskjer seg utbygging av eit sterkt landsdekkande nett med god forsyningssikkerhet. Forslaga til departementet vil bidra til ein meir effektiv avgjerdsprosess, og i noko grad frigjere ressursar hos NVE som følgje av at dei ikkje lenger skal førebu klagesaker i dei større leidningsprosjekta. Samarbeidande kraftfylke støttar desse forslaga med denne grunngevinga.

Samarbeidande kraftfylke er uroa over dei høge kostnadene som teiknar seg for nettutbygginga, 50-70 mrd. kr i løpet av 10 år berre for Statnett. I tillegg skal det investerast betydeleg i regionalnettet og distribusjonsnettet, slik at ein kan kome til å nærme seg investeringskostnader på 100 mrd. kr.

Styresmaktene tek for gitt at den vanlege norske forbrukaren skal ta heile kostnaden med dette. Spesielt urimeleg blir dette i høve til investeringar for kraftutveksling / krafteksport, om abonnentane må ta kostnadene medan kraftselskapa og staten, som eigar og skattemottakar, får inntektene.

Samarbeidande kraftfylke sitt syn er at:

- Kraftutveksling / krafteksport må bere sine egne nettkostnader, også til opprusting i innanlandsnettet. Ei grunngjeving for det er at dette vil vere kostnadsrett prising, som departementa legg stor vekt på i andre samanhengar.
- Staten som eigar bør bidra med kapital til opprusting av kraftnettet. Ei grunngjeving for det er at mesteparten av verdiskapinga av vasskrafta kjem staten til gode gjennom skattar og avgifter, dokumentert blant anna i NOU 2012-9 Energiutgreiinga, og at det er rimeleg at ein del av dette kjem attende til forbrukarane i form av deltaking i nettkostnadene.

For øvrig er det viktig å utvikle incentiv for å fremje investeringar i regionalnettet og distribusjonsnettet, jfr. brev frå Samarbeidande kraftfylke til Energi- og miljøkomiteen dgs. 04.05.2012.

Med vennlege helsing  
Samarbeidande kraftfylke



Per-Gunnar Sveen  
Styreleiar